



Majo Eiendom AS
Magnus Helgesen
Lindåsvegen 154
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2342 - 15/22603

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
18.06.2015

Svar på søknad om utvida bruk av eksisterande driftsavkjørsle på gbnr 133/4 til fremtidig bustadomt

Teknisk drift syner til e-post motteke 29.05.2015, vedkomande søknad om utvida bruk av eksisterande driftsavkjørsle gbnr 133/4 til fremtidig bustadomt.

Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje løyve til etablering av avkjørsle frå kommunal veg for 1 bustadeining på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktsoner kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå.
- Ytterligere informasjon vedkomande tekniske krav finn ein på www.lovdata.no og www.vegvesen.no
- Ei føresetnad for løyve til avkjørsle er at det vert gitt bygge- og delingsløyve for ny bustadomt.
- Det skal ligge føre tinglyst vegrett fram til ny eigedom.

Vi gjer merksam på at løyve til avkjørsle gjeld berre tilknytning til kommunal veg. Utbetring av avkjørsle kan være søknadspliktig tiltak hos byggesak.



Det er med heime! i Veglova §§ 40-43 og vegnormal N100 at vegmynde skal setje krav til avkjørsler frå offentleg veg. Vi gjer merksam på at løvye berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privatsrettslege avtaler De har ovanfor eventuelle grunneigarar.

Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunningjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gjeldskopen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisas utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisas når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om avkjørsle - gbnr 133/4 Soltveit søndre
201505291020

Kopi til:

Ass. Einingsleiar Teknisk drift
Fagsjef veg